

## Korprestasjon med tango på topp

25.10.2012



Syklusen var ein prestasjon!

**Uskedalenkoret Røysterett for alle hadde ei krevjande oppgåve då det ikveld skulle presentera den store syklusen med 12 låtar i Kulturhuset på Husnes. Men det mangfaldige koret gjorde det så godt at det må kallast ein prestasjon. Den vart toppa av tangoen for ærverdige damer, som også vart det sjølvsagte ekstranummer.**

**Det burde ha vore fleire enn 118 betalande men dei som var der gav koret den hyllest det fortente. Den som fortener mest ros er sjølvsagt Maria Malmsten sjølv - ho hadde komponert 11 av melodiane men påstår likevel at ho ikkje er nokon komponist!**



Tangoen fekk best karakter

Konserten hadde fortent eit betre lokale, men det er også den einaste innvendinga vi kan finna. Arrangementet var perfekt - frå eit grundig utarbeidd programhøfte via dei sanglege og musikalske prestasjonane til Svein Rimestads passe lange introduksjonar. Han hadde også skreive 4 gode og treffsikre tekstar - den beste var til tangoen.



Svein Rimestad knytte konserten sikkert saman

Dei 3 musikarane Tiril Eirunn Einarsdotter (fiolin), Haldor Tveit (akkordeon) og Stein Haugen (bass) gjorde jobben utan klick og koreograf og dansar Magdalena From Dells gav konserten ein ekstra dimensjon. I det heile var konserten prega av grundig førebuing.

Maria sjølv var ein av mange som fekk fortente blomar etterpå. Ho hadde fortent ein heil blomebutikk også fordi ho har ein eigen evne til å skape ein god og munter atmosfære både internt i koret og utad når ho opptrer.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Mystisk hambodansar i aksjon!